



Notat

Til: Hovudutvalet for næring og kultur, møte 27. september 2016

Frå: Fylkesdirektør for næring og kultur

Vedtektsendring - Innovasjon Norge

I mai 2016 gjorde Stortinget vedtak om endringar i lov om Innovasjon Norge. Lovendringa medførte m.a. at kravet om regionale styre vart oppheva. På bakgrunn av lovendringa oppmoda Nærings- og fiskeridepartementet Innovasjon Norge om å kalle inn til ekstraordinært føretaksmøte, for å oppdatere vedtektene i samsvar med lovendringane. Ved brev av 21.06.16 la styret i Innovasjon Norge saka fram for eigarane til skriftleg handsaming. Fristen for å røyste var 5. juli. Hovudstyret fremja følgjande forslag til vedtak:

Det gjøres følgende endringer i selskapets vedtekter:

§ 9 andre punktum endres til «Hovedstyret kan gi selskapets administrasjon eller andre organer under styrets kontroll, fullmakt til å treffe beslutninger på styrets vegne».

§ 12 De regionale styrene oppheves.

§ 13 Valgkomiteer for de regionale styrene oppheves.

§ 14 Styrenes sammensetning oppheves.

Nummereringen av §§ 15, 16, 17 18, 19, 20, 21, 22, 23 og 24 oppdateres i tråd med de bortfalte paragrafene.

Etter delegeringsreglementet punkt 4.2 har hovudutvalet mynde til å gje fråsegn i denne saka, men utvalet skulle ikkje ha møte innan fristen for å røyste. Det følgjer vidare av punkt 4.2 at fylkesrådmannen «*har høve til å gi fråsegner i hastetilfelle når det ikkje er tid til å vente på neste møte i hovudutvalet*». I slike tilfelle skal hovudutvalet underrettast om fråsegna.

Fylkesordføraren, som er eigarutsending til selskapet, gav slik fråsegn på vegner av fylkeskommunen:

Sogn og Fjordane Fylkeskommune slutter seg til endringane i vedtektene med unntak av §14. Denne lyder slik i dag:

*«§14 Styrenes sammensetning
Hovedstyret og de regionale styrene bør ha en sammensetning som gjenspeiler
Innovasjon Norges arbeid innenfor næringsutvikling, innovasjon, internasjonalisering og
profilering, og som ivaretar hensynet til en hensiktsmessig geografisk fordeling. Styrene bør i
tillegg inneha god kunnskap om regionalt næringslivs muligheter og utfordringer. Aksjelovens
bestemmelser om representasjon av begge kjønn i styret skal følges, jf. Aksjelovens § 20-
6.»*

Fylkeskommunane arbeider no saman med leiinga i Innovasjon Norge for å etablere nye regionale styringsorgan. Desse vil ikkje ha same funksjon som dagens regionale styre med tanke på søknadsbehandling osv. Dei nye regionale styringsorgana skal ha ein meir strategisk funksjon for prioritering av Innovasjon Norge sin virkemiddelbruk i forhold til aktuelle regionale utfordringar. Denne regionale tilpassinga er heimla i loven sin §11.

Fylkeskommunane ynskjer at dei nye regionale styringsorgana er heimla i vedtektene, både med omsyn til prosess for etablering og representasjon. Fylkeskommunane ønskjer difor at formuleringane rundt §14 på det noverande tidspunkt blir ståande, og at det blir ei ny ekstraordinær generalforsamling for å få denne endringa inn i vedtektene.

12 fylkeskommunar røysta innan fristen, og 10 av desse gav lik fråsegn som Sogn og Fjordane fylkeskommune. Eigarane gjorde dermed slikt vedtak:

Det gjøres følgende endringer i selskapets vedtekter:

§ 9 andre punktum endres til «Hovedstyret kan gi selskapets administrasjon eller andre organer under styrets kontroll, fullmakt til å treffe beslutninger på styrets vegne».

§ 12 De regionale styrene oppheves.

§ 13 Valgkomiteer for de regionale styrene oppheves.

Nummereringen av §§ 14, 15, 16, 17 18, 19, 20, 21, 22, 23 og 24 oppdateres i tråd med de bortfalte paragrafene.